

## Oppsummering frå kaffimøte med næringslivet 11.12.18:

- Gisle Skoglund, rektor ved Hallingdal Folkehøgskule presenterte seg sjølv og deira verksemd.
- Svein Eide, kommunalsjef for Samfunn og utvikling gikk gjennom status for planprosessen til kommunedelplan for Gol tettstad og arbeidet med innsigelsar frå fylkeskommunen, fylkesmannen og Statens vegvesen. I tillegg informerte han om status i planprosessen til kommuneplanen som gjeld for heile kommunen, ikkje berre tettstad. Han orienterte kort om førre møte som var godt besøkt. Til slutt informerte Svein om kommunens sitt tettstadsutviklingsprosjekt der fylkeskommunen har bevilga 200 000,- til sjølve prosjektet. Han sa også at kaffimøte med næringslivet sin arena vil være ein viktig arena for arbeidet vidare.
- Linda D. Bjerke frå Visit Gol informerte kort om julehandelen og juleavisa som kjem ut på torsdag med torsdagsutgåva av Hallingdølen. Dette er eit samarbeid mellom handelsnæringa i Gol. I tillegg informerte og oppfordra Linda om at næringslivet har moglegheiten til både å dele nyheiten om, men og dele informasjon om fakkelturen som går av stabelen i februar i samarbeid med idrettslaget, langrenn. Elles vart det kort snakka om netthandelen og dens frammarsj.
- Ein glidane overgong frå Linda der til Geir Arne på kremmartunet som delte nokre utfordringar og bekymringar knytt til netthandel, sentrumsutviklinga og opning av nytt næringsareal på Viko/Storøyne. Etter ein diskusjon rundt bordet kom det forslag om at næringslivet samlar seg og ser på moglegheiten for å samle seg om å laga eit «trekkplaster» for besøkande og gjester i Gol. Her vart fleire kommune - og stadnamn nevnt for å hente inspirasjon.
- Tilslutt orienterte ordføraren, veldig kort, om at Gol kommune har gått ut som eigar i Hallingdal Næringshage for å gi plass til næringslivet etter førespurnad frå styret.
- Det skal være eit møte på Flå om Vegpakke Hallingdal siste veka før jul.
- Tilslutt informerte ordføraren om eit tilskot til ein forstudie som Maaike Visser gjer for å sjå på etablering av eit gründerfelleskap på Gol.

Med ynskjer om ei riktig god jul og eit godt nytt år! Nye datoar for vårhalvåret 2019 kjem!

Heidi Granli